
Saksnr: 2020/36559-21
Saksbehandlar Tor Andreas Titlestad
Dato: 09.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Kystpilegrimsleia. Drift av regionale pilegrimssenter i Vestland fylke 2021.

Bakgrunn:

Fylkestinget slutta seg i fylkestingsak [PS 24/2019](#) til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei regional satsing på Kystpilegrimsleia. I 2020 er det starta opp prøvedrift både i Bergen (Bymuseet i Bergen) og i Selje (Stadt kommune).

Det er i alt 4 regionale pilegrimssenter i Kystpilegrimsleia, forutan dei to i Vestland, er det Avaldsnes i Rogaland og Smøla i Møre og Romsdal.

Finansiering:

Det har vore ein føresetnad at sentra skulle finansierast av stat, fylkeskommunar og kommunar. I høve forslaget til langtidsplan, skulle dei regionale pilegrimssentra ha 60% statleg finansiering, 20% fylkeskommunal og 20% kommunal finansiering.

Stat:

Statlege midlar til den nasjonale pilegrimssatsinga, forvaltast gjennom Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR)/Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim. Einskilde pilegrimssenter kan søkje om støtte derifrå, og NDR/Nasjonalt Pilegrimssenter gjev evt. tilsegn.

NDR/Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim har for 2021 søkt om 11,5 mill. i statleg støtte. I søknadssummen ligg inne kr 4,8 mill. til fire regionale pilegrimssenter i Kystpilegrimsleia. Kystpilegrimsleia har kome med i Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021 med ei påplussing av løyvinga til regionale pilegrimssenter med 1 mill. kroner. I verbaldelen av statsbudsjettet heiter det:

«Post 71 Tilskudd til regionale pilegrimssentre:

Formålet med tilskuddet er å stimulere pilegrimsarbeidets fire arbeidsområder: miljø, næring, kirke og kultur.

(...) Nidaros domkirkes restaureringsarbeider har vedtatt en langtidsplan for pilegrimssatsing, der oppretting av regionale sentre langs Kystpilegrimsleia er et sentralt tiltak. Bevilgningen på posten foreslås økt med 1 mill. kroner for å legge til rette for dette arbeidet».

Delast statsmidlane likt, vert det kr 250.000 pr. regionale pilegrimssenter i Kystpilegrimsleia i statstilskot. Om ein regionalt (kommune og fylke) bidreg med 300 000 pr. senter, vil eit statleg tilskot på 250 000 berre utgjere 46%, fylkeskommunen 27%. I høve forslaget til langtidsplan, skulle dei regionale pilegrimssentera basere seg på 60% statleg finansiering (kr 1,2 mill.), 20% regional (kr 400.000) og 20% kommunal finansiering (kr 400.000).

Fylkeskommune:

I påvente av statleg finansiering på statsbudsjettet for 2021 vart det for driftsåret 2020 sett av kr. 600 000 som bidrag til prøvedrift av pilegrimssentera i Vestland. Bidraget vart fordelt likt på dei to pilegrimssentera under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.

Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommunar legg opp til same nivå i 2021 som i 2020, dvs. kr 250.000 kvar (dei delar på finansieringa av Smøla). Rogaland fylkeskommune går inn for eit tilskott på 400.000 for 2021, under føresetnad av at kommunane går inn med det same - det er i tråd med det det vart lagt opp til i Langtidsplanen for pilegrimssatsinga.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er staten som har hovudansvaret for pilegrimssatsinga. Fram til 60% statleg medfinansiering er på plass, rår fylkesrådmannen i forslag til budsjett for 2021, til ei samla reduksjon på 300.000 i tilskot til prøvedrifta i Bergen og Selja, dvs. eit tilskot på 150.000 til kvart senter for 2021.

Kommune:

Stad kommune og Bergen kommune har i 2020 gjeve tilskot på same nivå som Vestland fylkeskommune, eller meir (Stad).

I Bergen kommune sitt forslag til budsjett for 2021, ligg det inne 400.000, under føresetnad av at dei andre forvaltningsnivåa stiller opp. I 2020 låg Bergen kommune sitt bidrag på same nivå som fylkeskommunen (kr 300.000).

Stad kommune sitt bidrag var i 2020 høgare enn det fylkeskommunale (450.000). I budsjettet for 2021 er det slik at det regionale pilegrimssenteret ligg under eininga Lokal samfunnsutvikling i Stad kommune. Det er budsjettert med ei utgift på kr 500 000 i einingsbudsjettet.